# Kyrkjetonar



Kyrkjeblad for kyrkja i Tysvær og Bokn

Nr. 3/2026 - 68. årgang

**Framsidebilde**

Kyrkjene held ope for ettertanke, tenning av lys og signering av kondolanseprotokoll i dagane etter Kong Harald sin bortgang. Her frå Nedstrand kyrkje.

foto: Ståle Hustoft

# Her kan du betale med vipps

**523083**

Vipps-nummer

Har du lyst å støtta arbeidet med Kyrkjetonar så kan du gi ei gåve eller betala den *frivillige kontingenten til VIPPS-nummer 523083*

## Takk for di støtte

**I forrige nummer var det betalingsinformasjon for frivillig kontingent.**

Takk for alle bidrag til drifta av Kyrkjetonar! Om fleire har lyst å bidra med ein frivillig kontingent på 300 kr. eller ei gåve, kan de vippsa til nummer 523083 eller betala til kontonummer 1506.82.22874.

*Redaksjonen avslutta 30. august 2026*


## Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anita Syvertsen Are, Steinar Høyvik, Ingrid Hustoft Landro og Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 476 41 868

Girokonto: 1506.82.22874
**VIPPS-nummer: 523083**
Frivillig kontigent: kr. 300,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft


**Kyrkja i Tysvær og Bokn**

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon: 476 41 868**
**Internett: www.tysvaerkirken.no**
**E-post: post.tysver@kirken.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**
Åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 14

**Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn**
**Ole Amund Halvorsen Gaustad**
Mobiltelefon: 484 63 882

**Sokneprest Nedstrand sokn**
**Dag Tormod Milje**
Mobiltelefon: 934 15 401

**Sokneprest Førresfjorden sokn**
**Gjermund Lygre**
Mobiltelefon: 934 93 520

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**

**Diakon Lisbeth Skilhagen Haaheim**

**Menighetspedagog**
**Hjørdis Kristina Støle Brasøy**

**Kyrkjelydspedagog Janne I. Eide**

**Menighetspedagog Kari Undheim**

**Menighetsarbeider Luna Lygre**

**Organist**
**Bergfrid Seibt**

**Kyrkjeverje**
**Tysvær kommune: Ottar Krakk**
Mobiltelefon: 932 16 644
**Bokn kommune: May Jorunn Vatnaland**
Mobiltelefon: 950 62 816

**Administrasjonssekretær**
**Gunn Elisabeth H. Ertenstein**
**Katrine Eide (permisjon)**

**Kyrkjetenarar**
**Odd Grønnestad:** *900 71 868*
**Gunn Elisabeth H. Ertenstein***: 976 18 216*
**Eva Keller:** *936 75 972*
**Einar Selvåg**





*Ole Amund Halvorsen Gaustad vart formelt innsett som sokneprest i Bokn og Tysvær 23. august. foto: Anita Are*

# Innsettingsgudseneste i Bokn og Tysvær

*av May Jorunn Vatnalandl*

**Vår nye sokneprest i Bokn og Tysvær hadde formell innsetting i Bokn kyrkje søndag 23.august.**

Fellesrådsleiar Åse Bratthammer las tenestebrevet frå konstituert biskop, og ynskte presten velkommen til menigheten.

Ekstra stas var det å få markere dette saman med nytt konfirmant-kull, gull og diamant-konfirmantar og et dåpsbarn med familie.

Det var gledeleg at mange andre og hadde møtt for å ynskje presten velkommen.

Ole Amund Halvorsen Gaustad er 40 år og kjem frå Kristiansand. Han har budd i Danmark i 10 år, nå bur han i Haugesund med familie.

Me er svært glade og takksame for at han takka ja til stillinga. Det er over 30 år sidan me hadde så ung prest sist, me vonar me får behalde han lenge.

Velkomen skal han vere.



*foto: May Jorunn Vatnaland*



*– I kirka skal vi aldri bare ha nok med oss selv, men utfordres til å stå opp for hverandre. Jeg vil peke på urett og urettferdighet og at vi må ta vare på hverandre og på skaperverket, sier Stavanger bispedømmes nye biskop, Tor Magne Nesvik. Foto: Den norske kirke*

# – Kirken er viktig og relevant

*av Stavanger Bispedømmekontor*

**Tor Magne Nesvik blir ny biskop i Stavanger bispedømme. Han har stor tro på folkekirken og er stolt av bispedømmet.**

**– Framfor alt alle folkene som skaper kirkelivet.**

Da han ble presentert i Stavanger domkirke 22. mai sa Nesvik at kirka er et sted som rommer alle mennesker. Et sted der man kan få høre at «du er verdifull, du er elsket».

– Det er viktig for meg at alle mennesker får oppleve at de er skapt i Guds bilde og at de kan leve i lys av Guds nåde. Som biskop i Stavanger vil jeg arbeide for akkurat dette, sier Nesvik.

**Hvilepuls og utfordring**
Tor Magne Nesvik har vært prost siden 2020. Først i Ytre Stavanger prosti, og fra januar 2026 har han vært konstituert domprost i Stavanger. Han har tidligere vært sokneprest i St. Petri menighet og prest og daglig leder i KFUK-KFUM Ynglingen. Nesvik var også leder for utviklingsprosjektet «Kirken i Stavanger mot 2020» som stilte spørsmålet: Hvordan være kirke i en ny tid?

– Kirka er stedet du skal finne hvilepulsen, freden, Jesus. Kirka er stedet du skal få vite at Gud rommer hele deg. Gud elsker deg. Uansett, understreker Nesvik, og legger til:

– Men kirka er og stedet der du skal bli utfordret. Stedet vi aldri bare skal ha nok med oss selv, men utfordres til å stå opp for hverandre. Jeg vil peke på urett og urettferdighet og at vi må ta vare på hverandre og på skaperverket.

**Stort potensial og gjennomslagskraft**
– Bibelen lærer oss om menneskets ukrenkelige verdi. Om at vi alle er Guds barn, store og små, uansett hvor vi bor, hva vi gjør eller hvor vi kommer fra. Vi er søsken, "allemannalle", som er skapt til å være nettopp de vi er: Oss selv. Unike. Men samtidig helt like alle andre.

Den nye biskopen mener at Den norske kirke i Rogaland har et stort potensial og gjennomslagskraft.

– Jeg er stolt av bispedømmet, kirkebyggene våre, men framfor alt alle folkene som skaper kirkelivet her i Rogaland! Jeg har en enorm tro på Den norske kirke i Stavanger bispedømme. Jesus, kirken og Bibelen er relevant og viktig i vår tid, slår den nye biskopen fast.

20. september blir Tor Magne Nesvik vigslet som biskop i Stavanger domkirke. Gudstjenesten strømmes på www.kirken.no.

*Vil du lese mer om Tor Magne Nesvik eller høre han på podcaster eller i NRK, gå inn på www.kirken.no/stavanger og velg «Ny biskop til Stavanger».*



# En sommerprat med diakonen

*av Asbjørn Erdal*

**– Skal det være en nysteikt lapp? Kaffe, saft og jordbær kan du også få, sier en smilende Lisbeth Skilhagen Haaheim som er diakon.**

**Hun står i spissen for en gratis sommerkafé som arrangeres hver onsdag i kirken i Aksdal mellom 25. juni og 13. august.**

– Sist uke var det 50 - 60 stykker innom. Det er få tilbud om sommeren, og da setter mange pris på å komme hit for å treffe andre, sier diakonen.

– I dag har jeg også bakt boller, og det liker de unge godt. Mens de voksne slår av en prat, kan de yngste være på lekerommet, sier Lisbeth.

– Nå kom jeg rett fra Beredskapshagen, som vi driver sammen med Tysvær Hagelag. Der plukket jeg jordbær som blir servert her, sier Lisbeth. Jeg er innom der hver torsdag om sommeren. Det er også en fin møteplass der jeg treffer både innvandrere og ungdommer, og får tid til å prate med de.

Gjenbruksbutikken har ikke ferie om sommeren.

– Mange er flinke til å komme med klær, og de går fort unna slik at stativene ikke fylles opp. Så det er fortsatt stort behov for dette tilbudet, sier Lisbeth.

Sommeren går ellers med til å rydde, vaske litt og planlegge høsten. Diakonen er opptatt av kirkens HEL-arbeid. Det er den norske kirkes inkluderingsarbeid for mennesker med funksjonsnedsettelser.

– HEL er en visjon om at kirken ikke er «hel» før alle får være med. Målet er at mennesker med ulike funksjonsnedsettelser skal kunne delta, høre til og bidra i menighetens fellesskap på lik linje med andre, sier Lisbeth.

– Her på Haugalandet samarbeider menighetene om HEL-arbeidet, og vi starter opp igjen i Norheim kirke med et arrangement den 29. august.

Diakonen har også ansvaret for Lunchtreffene som arrangeres i kirken i Aksdal den siste torsdagen i måneden.

– Det neste treffet blir den 24. september, sier Lisbeth.

– Og så prøver vi å få til et par Go'kvelder i høst. Så langt har vi klart et arrangement den 18. november. Det blir en sangkveld med Eivind Skeie sine salmer. Gled dere til det!

Om sommeren legges også en plan for andakter på ulike institusjoner i Tysvær.

– I høst skal jeg både til Nedstrand, Skjoldastraumen, Tysvær og her i Aksdal, sier Lisbeth.



*Diakon Lisbeth klar for å servere jordbær fra Beredskapshagen. foto: Asbjørn Erdal*

– Det er veldig kjekt å komme rundt og treffe folk.

Lisbeth startet i diakonistillingen i mars i år. I fjor var hun ungdomsdiakon i kirken, og jobbet 30 % for speidertroppen i Førre. Det engasjementet tok slutt ved nyttår. Og siden Synnøve Haakonseth sluttet som diakon den 1. mars, overtok Lisbeth denne stillingen.

– Så i dag har vi ikke ungdomsdiakon lenger, og så får vi se hvordan det går og hva vi skal prioritere fremover, sier Lisbeth.

De siste årene har Førresfjorden menighet dekket utgiftene for 50 % av Synnøve sin diakonistilling. Pengene har kommet fra givertjenesten og sparepenger fra en tidligere arv. Framover vil givertjenesten nå gå til menighetens arbeid.

– Det er veldig givende å jobbe som diakon, sier Lisbeth.

– Målet er å hjelpe og ha omsorg for medmennesker i hverdagen samt å skape møteplasser der alle blir sett og inkludert. Heldigvis er det mange frivillige som gjør en kjempeinnsats på ulike felt for å hjelpe til i diakoniarbeidet. Og hvis noen flere har lyst til å bidra i dette kjekke arbeidet, er det bare å ta kontakt, avslutter Lisbeth.

# KyrkjeNÆR

*tekst og foto: medarbeidarane i KyrkjeNÆR*

## Kyrkjenær i Førresfjorden menighet, hausten 2026

**0-1 år:** **Babysang**

**3 år :** **Undretur.** Tysdag 27.10 kl 17, Aksdal kyrkje

**4 år :** **Barnebibel.** Samling tysdag 03.11 kl 17, Aksdal kyrkje
Utdeling av Barnebibel i Gudsteneste søndag 08.11 Aksdal kyrkje kl 17.00

**7 år/2.kl :** **Hausttakkefest** -samling Torsdag 17.09 kl 17, Beredskapshagen i Førre

**9 år/4.kl:** **Misjonsdag.** Måndag 21.09. Aktivitetsdag for heile Tysvær på planleggingsdagen til skulen. Stemnestaden leirstad.

**11 år/6.kl:** **Lys våken** Fredag 20.11, Aksdal kyrkje.

**14 år:** **Konfirmantsamlingar**.

**Etter skoletid**

## Kyrkjenær i Nedstrand og Skjoldastraumen, hausten 2026

**3 år :** **Undretur.** Skjoldastraumen kyrkje måndag 26.10 kl 17.00.
Nedstrand kyrkje torsdag 29.10 kl 17.00

**4 år :** **Barnebibel.** Samling i Skjoldastraumen måndag 04.11 kl 17.00.
Utdeling i Skjoldastraumen kyrkje søndag 08.11 kl. 11.00
Samling i Nedstrand torsdag 05.11 kl 17.00, Utdeling i Nedstrand kyrkje søndag 08.11. kl 13.00

**5 år :** **Julekrybbeverkstad.** Samlingar i nov/des

**7 år/2.kl:** **Hausttakkefest**. Felles samling onsdag 16.09 på Tveit vgs, Nedstrand
gudstenester 27.10 Nedstrand kyrkje kl 11, Skjoldastraumen kyrkje kl 13

**9 år/4kl:** **Misjonsdag.** Måndag 21.09. Aktivitetsdag for heile Tysvær på planleggingsdagen til skulen. Stemnestaden leirstad.

**11 år/6.kl:** **Lys vaken** (felles) Laurdag 28.11, Nedstrand kyrkje. Lysmesse 29.11 – begge kyrkjer.

**14 år:** **Konfirmantsamlingar.**

**13-18 år:** **Ungdomstreff frå 8.kl og oppover.** Annankvar fredag kl 20.00-23.00. Soknatun
Sjå facebookgruppa «Ungdomstreff Nedstrand»

**Etter skuletid Skjoldastraumen** frå 1. klasse. Onsdag 23.09, 28.10, 25.11, Grendasenteret i Straumen.

## Kyrkjenær i Bokn sokn, hausten 2026

**0-1 år:** **Babysong.** Oppstart torsdag 03.09. kl 10-12. Tysvær Soknehus.
Fellesarrangement Tysvær/Bokn. Sjå facebookgruppa «Babysang på Tysvær Soknehus»
**3 år:** **Undretur.** Oktober/november i Bokn kyrkje.
**4 år:** **Barnebibel.** Ein ettermiddag i november. 4-årssamling i Bokn kyrkje.
Søndag 15.11. Utdeling av Barnebibel Bokn kyrkje kl 13.00.
**8 år:** **Diakonidag i oktober.**
**11 år:** **Lys vaken.** 20. 11. i Bokn kyrkje/Bokn bedehus.
**14 år:** **Konfirmantopplegg** saman med Tysvær sokn. 09. og 23.09. 14. og 28.10. 11. og 25.11. 02.12.
**13-18 år:** **Ungdomsklubben i Tysværvåg.** (1 laurdag i månaden) kl 20.00-23.00.
Sjå facebookgruppa «ungdomsklubben i Tysværvåg»



## Konfirmantrekord?

**Veldig mange ungdommer i Tysvær velger å følge konfirmasjonstida som kyrkja tilbyr. I år vil ekstra mange ungdommer være med på kyrkja sitt opplegg. Vi nærmer oss rekord!**

Leder av Førresfjorden menighetsråd synes dette er veldig flott:
– Det er gøy at så mange av ungdommene velger å følge konfirmasjonstida i kirkene i Tysvær. Dette viser vel også at vi har dedikerte og motiverte ansatte som sørger for et godt opplegg og tar ungdommene på alvor.

Mer om konfirmasjonsopplegget kommer i senere utgaver av Kyrkjetonar.



*Foto: Konfirmantar frå Nedstrand og Skjoldastraumen på Ørnasete, august 2025.*

## Babysang i Aksdal kyrkje

**Tirsdager kl 10.00**

18. august, 1. september, 8. september, 15. september, 22. september
13. oktober, 20. oktober, 3. november

Vi synger gamle og nye sanger, lærer rim og regler, og koser oss sammen med barna. Ta med niste hvis du vil. Vi serverer frukt, te og kaffi.
Ta gjerne med et lite teppe som barnet kan ligge på.

Sjå www.tysvaerkirken.no for info og påmelding

**Velkommen!**

## Aktivitetsdag 21. september

Når skulane har planleggingsdag, inviterer Kyrkjenær alle 4.klassingar i Tysvær og Bokn til aktivitetsdag på Stemnestaden leirstad frå kl 08.00- 15.15.

**Tema for dagen: Misjon.**

Mange kjekke aktivitetar som forming, padling, Malilandsby osv.

Meir informasjon om innhald og påmelding kjem på kyrkja si heimeside www.tysvaerkirken.no

## Kyrkjenær i Tysvær Sokn, hausten 2026

**0-1 år:** **Babysong.** Oppstart torsdag 03.09. kl 10-12. Tysvær Soknehus.
Sjå facebookgruppa «Babysang på Tysvær Soknehus»
**3 år :** **Undretur.** Oktober/november Tysvær kyrkje.
**4 år :** **Utdeling av Barnebibel** i Tysvær kyrkje Søndag 15. november kl 11.00.
Samling i kyrkja nokre dagar før.
**7 år:** **Hausttakkefest.** Måndag 07.09. på Tysvær Soknehus og 13.09. i Tysvær kyrkje.
**9 år:** **Misjonsdag.** Måndag 21.09.
Aktivitetsdag for heile Tysvær på planleggingsdagen til skulen. Stemnestaden leirstad.
**11 år:** **Lys vaken.** Sove heime-leir. Laurdag 28.11. og søndag 29.11.
**14 år:** **Konfirmantsamlingar**: 09.og 23.09. 14.og 28.10. 11.og 25.11.
**13-18 år:** **Ungdomsklubben i Tysværvåg.** Ca ein laurdag i månaden kl 20.00-23.00. Tysvær Soknehus.
Sjå facebookgruppa «ungdomsklubben i Tysværvåg»

## Andre arrangement i Tysvær sokn:

**Barnekoret Gledesprederen** har øvingar på tysdagar kl 17.30-18.30 på Tysvær soknehus.
Alle born frå 4 til 12 år er velkommen til å bli med i koret! Første øving: Tysdag 1.september
Følg med på facebookgruppa «Barnekoret i Tysværvåg»
**Supertorsdag:** 10.september, 22.oktober, 5.november og 3.desember

# Med Guds hjelp og folkets støtte

*Ståle Hustoft*

**Eit av mange inntrykk og augneblikk som kjem til å sitja att frå dette tronskiftet, er det fyrste biletet av Kong Haakon, med dei store brune augo. Fulle av sorg, og respekt for det som kjem framom. Eit intenst blikk som rommar alle dei kjenslene ein kan kjenna når ansvaret er tungt.**

Kong Haakon har budd seg eit heilt liv for denne dagen. Alle har visst at han måtte koma. Men når dagen kjem, kjem også vemod og sorg over eit langt liv for ein folkekjær konge.

Kong Haakon går inn i oppgåva med respekt for ei framtid han ikkje kjenner.

Me veit ingenting om morgondagen, men me veit at verda er meir usikker. Krig, uro, handelskrig og klimaendringar er berre noko av det som kan skapa uro og konflikt - også mellom landsmenn.

Samansette trugsmål er den nye normalen. Framande land ynskjer å spreia frykt og bygga ned tillit til demokrati og institusjonar. Våpenet er å splitta folk.



Hans Majestet Kong Haakon VIII før ekstraordinært statsråd på Det kongelige slott. Foto: Ola Vatn, Det kongelige hoff

"I dag er vi en familie i sorg, og et folk i sorg.

Vi takker kong Harald for alt han var og alt han gjorde – for Norge, - for alle i landet vårt.

Med Guds hjelp og folkets støtte ser jeg fram mot den store oppgaven som ligger foran meg. Jeg ber om at vi alle samles om det gamle ønsket:

Må Gud bevare landet vårt."

*Hans Majestet Kong Haakon VIII i sin fyrste tale til folket, 29. august 2026*



Kongen er den som skal halda folket saman - som eit stort «VI».

Kong Harald gjorde VI-et større. Fleire kjende at dei var inkluderte, rekna med og passa inn. Kong Haakon skal halda det saman.

Kongen i Noreg har svært lite konstitusjonell makt. Det er Stortinget, regjeringa og domstolane som har makta. Men kongen skal møta ei av dei største oppgåvene - å halda oss samla som eitt folk.

Eit samla folk er vårt viktigaste forsvarsverk.

I møte med ei umenneskelg oppgåve, ber Kong Haakon om "Guds hjelp og folkets støtte."

For når Hans Majestet avsluttar sin fyrste tale med orda; "Må Gud bevare landet vårt" seier det meir enn orda isolert. Den einaste i Noreg som ikkje har trusfridom, er kongen - og han har valt det sjølv.

Gjennom sine inkluderande haldningar bygde Kong Harald ned stengsel. Han definerte ikkje kva som er greitt og kva som er ugreitt. Han tok alt inn i eit inkluderande «VI».

Likevel, eller kanskje nettopp difor, var spørsmålet om statskyrkja og kongefamilien sitt forhold til tru den einaste saka Kong Harald hadde insisterande meiningar om. Sjølv om statskyrkja vart avvikla, ville kongen at han og hans tronfølgje skulle stå som medlemmer i Den norske kyrkja.

Kong Harald synte oss at det ikkje er motsetnad mellom å velja éi tru og inkludering.

Kong Haakon arvar dette. Han arvar ein posisjon der han sjølv ikkje er fri til å tru annleis - men der alle andre er det. Det er ikkje eit paradoks. Det er eit val han, som sin far, gjer med opne auge. Ein konge som bind seg sjølv til noko fast, kan lettare vera romsleg med andre sine val.

Difor vert avslutninga på talen hans meir enn ein formalitet. «Med Guds hjelp» er ikkje berre ei gamal vending henta frå ein liturgi. Det er ei innrømming. Ein konge med lite makt, men med eit stort ansvar, seier høgt at han treng hjelp i møte med utfordringar han ikkje sjølv rår over.

kongen skal møta ei av dei største oppgåvene - å halda oss samla som eitt folk

I ei tid der mange leiarar helst vil framstå som ufeilbarlege og sterke åleine, er det ei påminning verdt å ta med seg: at å be om hjelp - frå Gud og folket - ikkje er svakheit, men ei form for styrke.

Kong Haakon tek imot ei oppgåve han ikkje har bede om, i ei tid ingen har bede om. Men han går inn i ho med opne auge, eit ope blikk, og orda «med Guds hjelp» som kompass. Det er kanskje det beste utgangspunktet nokon kan ha, når vegen framover er ukjend.



## Temakveld: Hva skaper åpne, trygge fellesskap?

**Foredragsholder, Guro Brakestad fra Fermate Samtalesenter og fra Psykisk Helseteam.**

Presentasjon av ny medarbeider/ samtalepartner i Fermate Rogaland, Hanne Haraldseide Brekke.

Musikalsk innslag ved Øystein Nilsen.

15. oktober kl. 19:00-21:30.
Sted: Stemnestaden
Enkel bevering.
Inngang: 150,-

Arrangør Førresfjorden menighet sammen med Fermate Samtalesenter og Stemnestaden leirsted.

Fermate
samtalesenter

## Basar på Førre bedehus

**Førresfjorden menighetsforening skal ha basar på Førre bedehus fredag 23. oktober kl 19.00.**

Det blir andakt og sang, åresalg og hovedtrekning.
Gratis buffet med mye godt.

Velkommen til en trivelig basarkveld!

## GO`KVELD i Aksdal kyrkje

**onsdag 18. november kl.19:00**

**Ragnar "RAGGEN" Tesdal:**
**18 år i fengsel - med nøkkel i lomma.**

Teolog, komponist ,musiker og et langt arbeid blant mennesker. "RAGGEN" har jobbet i en årrekke med innsatte og rusavhengige ved Kalfarhuset oppfølgingssenter i Bergen.

Inngang: kr. 150,-

## Superonsdag og kyrkjeonsdager i Aksdal kyrkje

**Datoer høsten 2026**

26. august - Superonsdag

02. september - Superonsdag
09. september - Superonsdag
16. september - Kyrkjeonsdag
23. september - Superonsdag

14. oktober - Superonsdag
21. oktober - Kyrkjeonsdag
28. oktober - Superonsdag

04. november - Superonsdag
11. november - Superonsdag
18. november - Kyrkjeonsdag
25. november - Superonsdag

02. desember - Superonsdag
09. desember - Superonsdag








## Trusopplæring for vaksne

**Kirkelig Undervisning og Læring**

**Nedstrand sokneråd inviterer alle som har lyst til å syngje litt, ete gode kveldsmat og lære litt meir om kva som står i Bibelen.**

Me møtes i Skjoldastraumen kyrkje og du kan få velje kva song me skal syngja. Etterpå går me ned til Straumen Grendasenter og ete gode kveldsmat og slår av ein drøs før me får eit spennande foredrag.

Alle er velkommen! Du kan også komme direkte til kveldsmat, eller til foredraget.

**Tysdag 22. september**
1900 – 1930: Me syng i Skjoldastraumen kyrkje
1930 – 2000: Kveldsmat på Grendasenteret
2000 – 2100: Gro Smørdal – seksjonsleder NMF sitt arbeid i Vest-Afrika, Midtøsten og Pakistan (Wamena): «Et hellig kall til å forandre»

**Tysdag 10. november**
1900 – 1930: Me syng i Skjoldastraumen kyrkje
1930 – 2000: Kveldsmat på Grensasenteret
2000 – 2100: Sokneprest Dag Tormod Milje: «Guds ord er levende og virkekraftig. Om vårt møte med bibelens ord»

Arr: Nedstrand Sokneråd





Hvordan har du det...
EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST


## Temagudsteneste i Bokn kyrkje

**Søndag 27.september kl. 18- 19 blir det temagudstjeneste i Bokn kyrkje.**
**Tema er fiske og sjøfart.**

Me invitere med spesielt hummarfiskarane, og alle andre – her kan dei få med seg ei ekstra velsigning til eventyret på sjøen.

Denne gang er det med Ole Amund Halvorsen Gaustad som prest. Visesongar og diktar Aleksander Hauge frå Karmøy blir med oss.

Det blir sjølvsagt fiskeburger til kveldsmat. Arrangementet er gratis, men ein kan gje eit offer til kykjelyden i Bokn

**Alle er velkomne!**



# Rom i Herberget

*tekst: Bjørg Rørtveit*

Solfrid Molland og Gjertruds sigøynerorkester inviterer til ein stemningsfull og anleis julekonsert i Nedstrand kyrkje fredag 27.november.

Konserten er ein hyllest til styrken og spiritualiteten i den romske musikken. Me får høyre norske og austeuropeiske julesongar i tillegg til eldfull og vakker tradisjonell sigøynermusikk. Jula sin bodskap og historia om eit fattig par som manglar husrom vert vevd varsomt inn i vår eiga tid. Erik Hillestad har skrive songen «Marias Sang» spesielt til konserten.

Gjertruds sigøynerorkester er eit fyrverkeri av eit live-band som har fordjupa seg i ungarsk, russisk og rumensk sigøynermusikk i over 30 år. Solfrid Molland - frå Tysvær- har eit sterkt nærvær på scenen. Ho er songar, pianist og komponist, og har gitt ut fire album på Kirkelig Kulturverksted.

Solfrid vaks opp med russisk folkemusikk og europeisk kunstmusikk. På reise som gatemusikar i Europa lærte ho sigøynersongar av romske musikarar og komponerte musikk til ulike europeiske katedralar.

Denne musikken gav ho ut saman med det rumenske ensemblet Taraf de Haidouks, romske gatemusikarar og HjerteRom koret. Ho vart tildelt Oslo Bys Kunstnerpris for dette arbeidet.



Dette blir ein spesiell og varm julekonsert. Set av datoen- meir info om billettar og klokkeslett vert kunngjort seinare.

*Arrangør er Nedstrand kyrkjeforum.*

## LAGET - ein livskraftig 101-åring

**- Invitasjon til samling for Lagsvener-**

**I over 100 år har Laget vore viktig for skuleungdom og studentar i heile landet. Og Laget er framleis livskraftig. Arbeidet er variert og kreativt; eit besøk på nkss.no fortel om spennande satsingar og aktivitetar.**




Dei siste åra har det vore vanskelegare å ha lag på ungdoms- og vidaregåande skular, og Laget - og ungdommane - treng meir enn nokon gong gode støttespelarar.

Her er Lagsvenarbeidet sentralt. Laget har alltid hatt lagsvener som har støtta Laget med forbøn og økonomi. Aktivitetane har varierte, men dei siste åra har det vore lite aktivitet i Rogaland. No startar vi arbeidet opp att og inviterte gamle og nye lagsvener til samling:
***Onsdag 14. okober kl 19.30 i Nedre Banegate 19 i Stavanger.***

Det blir info om Laget, arbeidet både nasjonalt og i vår eigen region. Lagsarbeidarane i regionen deltar og fortel. I tillegg får vi tale av prof.em. Knut Alfsvåg.

Vi presenterer det nyoppretta Lagsvennutvalet i Rogaland, og utvalet ønsker innspel til kva Lagsvenarbeidet i Rogaland skal vere vidare framover. Vi inviterer alle Lagsvener, alle som ynskjer å støtte Laget og alle som kanskje vil bli aktive Lagsvener.

Hjarteleg velkomne!
*Liv Heidrun Heskestad*
*Leiar Lagsvennutvalet Rogaland*



# Mål 12:

# Stoppe klimaendringene





Klimaet på jorda har alltid endret seg, men ikke så hurtig og dramatisk som vi opplever i dag. Det er utslipp av klimagasser som CO2 og metan som gjør at atmosfæren blir varmet opp, noe som fører til høyere gjennomsnittstemperatur og mer ekstremvær.

Over hele kloden opplever mennesker mer tørke, flere flommer og generelt flere ekstreme værfenomen. Konsekvensene er svært alvorlige: Tørken fører til at avlinger svikter og drikkevannet forsvinner, flommene og orkanene ødelegger folks hjem og livsgrunnlag. Stadig flere blir drevet på flukt fordi vannet forsvinner og husdyrene dør. Klimaendringene er grunnleggende urettferdige. Det er de rike landene som står ansvarlig for de største utslippene, men det er de fattige landene som blir hardest rammet av konsekvensene.

I FNs bærekraftsmål nummer 13 står det at vi skal stoppe klimaendringene. Dessverre er de menneskeskapte klimaendringene i gang allerede, men fortsatt har vi mulighet til å bremse dem.

For å hindre de mest dramatiske endringene må vi sørge for at den globale temperaturøkningen ikke overstiger 1,5 grader. Det er mulig å få til, men da må verdens stater til sammen redusere klimagassutslippene sine med 50 % før 2030. Skal vi klare det, er vi nødt til å jobbe sammen i en global dugnad, der både enkeltmennesker, sivilsamfunnet, næringsliv, stater og internasjonale organer tar sin del av ansvaret.

## Teologisk refleksjon

I den bibelske verden er naturkreftene til tider personifisert og kan bli demoniske i sin ødeleggende kraft. Jesu disipler fryktet at de skulle bli dratt ned i dypet av vinden og bølgene (Matteus 8,23–27). Naturen kan oppleves som lunefull, i møtet med kreftene den kan utløse, blir menneskene små og maktesløse.

Særlig dramatisk blir det i tider med langvarig tørke og misvekst. Bibelen forteller om klimaendringer i Egypt og om Josef som tok politiske grep og sørget for tilpassing, beredskap og tiltak for hjelpe dem som ble berørt av «de sju magre årene» (1. Mosebok 41).

Slik unngikk de at landet gikk til grunne. Også på dagens politiske agenda er dette viktige tiltak når vi ser de dramatiske konsekvensene av klimaendringene og hvordan de rammer de fattige hardest.

Til forskjell fra tidligere tider er klimaendringene nå i stor grad menneskeskapte. Vi kan ikke skylde på lunefulle naturkrefter, men må ta vår del av ansvaret for at det er blitt slik, og ikke minst må vi la dette ansvaret komme til uttrykk i handling og tro. I tro på at Gud fortsatt er herre, han som en gang gjorde slutt på den store flommen og satte opp regnbuen som tegn på framtid og håp. (1. Mosebok 9,11–17).



Tekst og illustrasjoner er hentet fra "Bærekraftsboka - FNs bærekraftsmål i lys av kristen tro", utgitt av en rekke organisasjoner, kirkesamfunn og enkelt-personer. Finansiert av Norad og Seksjon for diakoni og samfunn i Kirkerådet.

Redaktører og tekstarbeid: Guro Almås og Anne Marte Skaland.
Teologiske refleksjoner: Kjell Nordstokke. Illustrasjoner: Mari Kvale

KIRKENS NØDHJELP actalliance
Norges Kristne Råd
KFUK KFUM
DEN NORSKE KIRKE Mellomkirkelig råd

# Musikk i sommarkvelden 2026

*tekst: Bjørg Rørtveit, Nedstrand kyrkjeforum*

**Musikk i Sommarkvelden i Nedstrand kyrkje vart i juli arrangert for 7.år på rad, og er blitt ein fin tradisjon som samlar folk frå heile distriktet.**

Arrangør Nedstrand kyrkjeforum har registrert dagsbeøskande frå Skudenes til Bømlo,og sjølvsagt ferierande frå heile landet, i tillegg lokale, -og fleire kjem til alle konsertane!

Tilsaman fann nærare 500 personar vegen til sommarbygda og den vakre kyrkja for å oppleve lun stemning og musikk av høg kvalitet desse fire onsdagane i juli.
For eit lite lokalsamfunn er dette mykje meir enn berre konsertar. Det er møteplassar der folk i alle aldrar kan samlast, oppleve noko saman og kjenne på felleskapet.

Kultur skaper liv i bygda, og levande bygder treng nettopp slike arenaer. At så mange vel å møte opp, viser at det finst både behov og interesse for levande kultur, også i lune sommarkveldar. Og det set Nedstrand på kartet på ein positiv måte.

Konsertane i år har som vanleg bydd på stor musikalsk spennvidde, frå gospel til folkemusikk, frå viser til pop,- med Kjell Inge Torgersen, Elin Furubotn, Øystein Nilsen, Martha Birkeland og Bømlo gospel med Øystein Lund Olafsen.

Arrangementa er moglege å realisere takka vere frivillig innsats, gåver frå publikum og artistar og utøverar som ønskjer å bidra til kulturlivet i Nedstrand, sjølv midt



i deira eigen ferie. Det viser kva som kan skapast når mange dreg i same retning. Konsertane blir haldne "nedpå" med enkelt utstyr og som oftast ein eller to utøvarar. Unntaket i år var Bømlo Gospel med Øystein Lund Olafsen i spissen,- der 25 utøvarar var med. Det blei ein konsert med ekstra trøkk!

Men først og fremst skal desse små konsertane vere akkurat det tittelen seier: Musikk i Sommarkvelden, - lyse, glade og enkle. Det syns me at me har lukkast med.

Nedstrand kyrkjeforum ønskjer å rette ei varm takk til artistane, alle som har hjelpt til, og ikkje minst publikum. De har gjort årets konsertserie til ein suksess, og gjer at det kan bli økonomisk mulig å arrangere nye konsertar også neste år.
Ekstra takk til Hima Grønt for fine bukettar som set stemninga, og som utøverane er glade for å få med seg heim som takk.

*teksten er tidlegare publisert i Tysvær Bygdeblad.*



## Velkommen til HEL-kor Haugaland



HEL · DEN NORSKE KIRKE Haugaland prosti

**HEL-kor Haugaland** et kor for ungdom og voksne 14 år+, med en utviklingshemming. Dette er et samarbeid mellom menigheter i Den norske kirke i Tysvær og Haugesund og Diakonistiftelsen Rogaland.

Mer informasjon om koret kan leses på Rossabø kirke sin hjemmeside: kirken.no/rossabo eller kontakt administrativ leder diakon Jon Erik Kiørboe Strand 982 42 090

## Velkommen til Nedstrand barneforening

**på Soknatun**

Onsdagar etter skuletid: kl. 12.45 - 15.00
Frå fyrste klasse
Andakt, song, mat og aktivitet

**Datoar i haust:**
2. september. Barneforening
23. september. Barneforening
14. oktober. Barneforening
4. november. Barneforening
25. november. Adventverkstad

**I tillegg vert det to ekstra samlingar for 5. - 10. klasse**, to tirsdagar frå 18.00 - 20.00:

29. september
1. desember

*arr: Nedstrand Barneforening/ Normisjon*



# Aktuelle bøker

*Presentert av Bjørg Rørtveit*




**Tittel: Året huset ble tomt**
**Forfatter: Jostein Ørum**
**Utgitt 2026, Bibelselskapet**
"Mens jeg går opp trappa til gutterommene i andre etasje,spør jeg meg selv: Fikk de det de trengte?"
"Tomt rede-syndromet" kalles det når barna er blitt store og flytter ut. Noen foreldre sørger, mens andre nyter en nyvunnen frihet. For de fleste er det en omveltende fase.
Jostein Ørum har tidligere skrevet bøker om tro, kjærlighet, liv og død. Denne gangen skriver han om et tomt hus, en forlatt hage og et speilbilde med grånende hår. Det er ikke mulig å bare fortsette som før. Hva skal han nå gjøre om kvelden? Hvordan endres livet etter at barna har dratt?




**Tittel: Hvem skal vi elske?**
**Forfatter: Ragnar Misje Bergem**
**Utgitt 2026, Verbum forlag**
I dagens USA har reaksjonære kristne ideologier fått stor innflytelse i MAGA-bevegelsen og helt inn i Det hvite hus. J.D. Vance, Pete Hegseth og den drepte aktivisten Charlie Kirk bruker alle kristen tro til å begrunne en politikk preget av makt, hardhet og forakt for svakhet. Ragnar Misje Bergem undersøker idéene og teologien bak Trump-administrasjonens politikk. Han viser hvordan postliberale tenkere lenge har ønsket et mer autoritært USA, og hvordan kristennasjonalister og nasjonalkonservative nå har samlet seg om et prosjekt som kan endre landet for godt.
Boken handler om hvordan kristen tro, som skulle stå på de svakestes side, kan brukes til å presse andre ned. Samtidig spør den om troen også kan være en kilde til solidaritet og forsvar for demokratiet.




**Tittel: Suget etter en dose evighet**
**Forfatter: Erik Hillestad**
**Utgitt 2026, Verbum forlag**
Helt fra oppstarten i 1974 har Kirkelig Kulturverksted vært et kraftsentrum i norsk kulturliv. Under ledelse av Erik Hillestad ble KKV raskt en yngleplass for artister som Bjørn Eidsvåg, Sigvart Dagsland, Kari Bremnes og Sondre Bratland.
I denne boken forteller Hillestad sin egen historie om dette arbeidet. Vi får høre om de første årenes kamp mot kirkelig konservatisme, men også om økende aksept etter hvert som KKV-prosjektet vant frem. "Suget etter en dose evighet" er blitt et stykke levende kulturhistorie, om Norge fra 1970-tallet og frem til vår plass i verden i dag, der det fremfor alt handler om møter mellom mennesker og om en dyptgripende kjærlighet til musikken.

# Vern av gravminner i Skjoldastraumen

*av Eli Margrete Stølsvik, på vegne av familien*

**To gravminner på gravplassen i Skjoldastraumen er vernet i tråd med Gravplassforskriften § 27 og gravplassvedtektene for Tysvær § 17.**
**Dette gjelder gravene til Anna Stølsvik, født 07.04.1905 – død 05.02.1919, og hennes far Holger Stølsvik, født 19.04.1858 – død 17.01.1924. Begge gravminnene er tidstypiske med enkel steinplate på smijern-stativ. Det finnes få av disse gravminnene på gravplassene i Tysvær.**





Holger Endreson Stølsvik kom fra gården Stølsvik i Yrkjesfjorden. Han ble født i 1858 og var sønn av Endre Holgerson Stølsvik, opprinnelig fra Hogstad i Sandnes og Anna Osmundsdatter Helgeland, opprinnelig fra Helgeland i Nedstrand.

Holger giftet seg med Guro Kirstine Ørke. Hun var datter på gården Ørke i Yrkjesfjorden.

Ekteparet slo seg til på eiendommen Stykkje som de kjøpte av Henrik på Stykkje. De ga eiendommen navnet Solvik, men de valgte å beholde Stølsvik som etternavn.

Sammen fikk de fire barn: døtrene Anna i 1905, Hilda Gurina (Guri) i 1908, Laura Andrea i 1910 og sønnen Endre i 1914.

Holger var fisker og sammen med brødrene sine forpaktet han Yrkjevågen som ga rike fiske-fangster hvert år. Når fisket ikke krevde han, arbeidet han som bygningsmann, båtbygger og finsnekker. Han snekret bl.a. vinduer til både sitt eget hus og til flere andre hus i området, og jobbet også med treskjæring og dekorering i tre.

***Bilde til høyre:***
*Familien Holger Endreson Stølsvik og Guro Kirstine Stølsvik, f. Ørke med barna Anna, Guri, Laura og Endre. Bildet er tatt av fotograf i Stavanger i 1915.*



Guro Kirstine (kalt Kirstine) var ei svært positiv, gjestfri og gavmild kvinne. Hun var også svært lærenem, og tok utdannelse som regnskapsfører via korrespondanse-skole i voksen alder. Hun drev både poståpneri og telegrafstasjon i bygda i mange år, helt frem til hun døde i 1937.

Familien hadde det godt der de levde ved fjorden i Yrkje, helt frem til Anna som 14-åring var ferdig med konfirmasjonsundervisningen og skulle konfirmeres våren 1919.

Hun ble smittet av Spanskesyken, antakelig mens hun var på en konfirmantsamling, og døde etter kort sykeleie hjemme på Solvik.

Moren Kirstine stelte for henne mens hun lå alvorlig syk. Min far, Endre Stølsvik, fortalte at moren etablerte strenge regler som minner om nåtidens regler for isolasjon, og følgelig ble ingen av de andre i familien smittet.

Det som da var ekstra vanskelig for søsknene var at de ikke fikk være sammen med henne mens hun var syk, og det mente min far at hele familien bar sterkt preg av i lang tid etterpå.

Anna døde av Spanskesyken den 05.02.1919, kort tid før hun skulle bli konfirmert. Min far fortalte at det var grunnen til at hun ble begravet på sørsiden av kirken, så nært kirkeveggen som mulig.

Ett års tid etter at Anna var død begynte faren Holger å få sterke smerter i en fot han hadde skadet noen år tidligere. Verket i foten gikk over til koldbrann, og han måtte amputere foten i to omganger, siste gang til over kneet, slik at han ikke kunne gå. Han satt i en stol og brukte de dagene som var litt gode til å arbeide i tre. Han laget bl.a. en stor kommode som etter hvert tok form som en kirke med mange flotte utskjæringer i tre. Holger døde av koldbrannen i 1924, 66 år gammel.

Datteren Hilda Gurina (Guri) giftet seg med Helmer Nikolai Jakobsen. Hun døde på barsel i 1926, to år etter at faren Holger døde. Barnet var fullbåret, men det måtte tas med keisersnitt og barnet døde under inngrepet. Hilda Gurina døde av blodpropp den dagen hun skulle skrives ut fra barselavdelingen. Hun var da 18 år.

Kirstine livnærte seg og resten av familien av inntektene fra post-åpneriet og telegrafstasjonen i tillegg til lott fra fiske i Yrkjevågen. Kirstine døde av lungebetennelse i 1937, 65 år gammel.

Datteren Laura Andrea giftet seg i 1934 med Randulf Olai Straum. De fikk 6 barn som alle vokste opp. Laura Andrea døde av leukemi i 1965, 55 år gammel. Sønnen Endre giftet seg med Margrete Laurense Bjelland fra Vats i 1941. De fikk 9 barn; den førstefødte døde under fødselen, de neste 8 vokste opp.

Endre døde av alderdom og hjertesvikt i 2005, 91 år gammel.

Alle etterkommerne takker kirkeverge Ottar Krakk i Tysvær kirkelige fellesråd for godt samarbeid i denne prosessen om vern av disse vakre gravminnene. Vi mener at denne familiehistorien er representativ for mange familier i bygdene, og er vel verdt å ta med i historiebøkene for ettertiden.

## Om vern av gravminne:

**Gravplassforskrifta § 27 har bestemmelar om bevaring/ vern av gravminne mv.**

Forskrifta gir og eksempel på kva som kan gje grunnlag for vern; alder, at det representerer ein stilhistorie, har eit lokalt særpreg i form eller material-bruk, gir uttrykk for ein interessant personhistorie eller er unikt.

Omtale av vern av gravminne er og tatt inn i vedtektene for gravplassane i Tysvær i § 15.

Gravplassmyndigheten (Fellesrådet) kan inngå avtale med festar om vern av gravminne på ein gravplass.

Pr i dag har me ikkje fått utarbeida ein samla verneplan for gravplassane i Tysvær. Det er kun tatt avgjerd om vern av enkeltgravminne.

nytt frå fellesrådet

# Ny organist

*av Ottar Krakk, Kyrkjeverje i Tysvær*

Kateryna Persysta (41) er tilsett som ny organist i 100% stilling. Ho skal i hovudsak jobbe i kyrkjene i Førresfjorden og Nedstrand.

Kateryna er opprinneleg frå Ukraina og har budd i Noreg sidan 2022. Ho kjem nå frå stillinga som kantor i Vang i Valdres.

Ho har utdanning frå Grieg-akademiet i Bergen forutan grunnutdanning i musikk frå Ukraina. Ved sida av jobben tar ho nå Kyrkjemusikkstudie ved Norges Musikkhøgskule.

Kateryna starte i jobben 12.oktober. Me gler oss til ho er å plass. Ta vel imot henne.



*Kateryna Persyta er tilsett som ny organist. foto: privat*

## Prekentekster – høsten 2026

| | | |
|---|---|---|
| Søndag 6. september | **15. s. i treenighetstiden** | Matt 5,38–48: Elsk deres fiender |
| Søndag 13. september | **16. s. i treenighetstiden** | Mark 7,31–37: Jesus sa til den døve: Effata |
| Søndag 20. september | **17. s. i treenighetstiden** | Joh 11,17–29: Jesus vekker opp Lasarus |
| Søndag 27. september | **18. s. i treenighetstiden** | Matt 8,14–17: Jesus helbreder Peters svigermor |
| Tirsdag 29. september | **Mikkelsmesse** | Matt 18,1–6.10–11: De små har sine engler hos Gud |
| Søndag 4. oktober | **19. s. i treenighetstiden** | Matt 5,20–26: Men jeg sier dere |
| Søndag 11. oktober | **20. s. i treenighetstiden** | Joh 11,1–5: Jesu venner i Betania |
| Søndag 18. oktober | **21. s. i treenighetstiden** | Matt 22,15–22: Gi keiseren hva keiserens er |
| Søndag 25. oktober | **Bots- og bønnedag** | Luk 13,22–30: Er det få som blir frelst? |
| Lørdag 31. oktober | **Reformasjonsdagen** | Joh 1,16–17: Nåden og sannheten |
| Søndag 1. november | **Allehelgensdag** | Matt 5,1–12: Saligprisningene |
| Søndag 1. november | **Minnedag** | Joh 6,37–40: Den som kommer til meg |
| Søndag 8. november | **24. s. i treenighetstiden** | Joh 6,63–69: Du har det evige livs ord |
| Søndag 15. november | **25. s. i treenighetstiden** | Mark 2,1–12: Jesus og den lamme mannen |
| Søndag 22. november | **Domssøndag/Kristi kongedag** | Matt 25,31–46: Dommen |
| Søndag 29. november | **1. søndag i adventstiden** | Luk 4,16–22a: Jesus står frem i Nasaret |
| Søndag 6. desember | **2. søndag i adventstiden** | Luk 21,27–36: Guds rike er nær, våk og be |
| Søndag 13. desember | **3. søndag i adventstiden** | Luk 3,7–18: Frukt som svarer til omvendelsen |

Velkommen

# "Rundt samme bord"



**Fredag 06.november kl.19.00**
på Soknatun i Hinderåvåg

Bli med på eit annleis NMS*-kvinnestemne
med fokus på kvinner og solidaritet!
Vi dekker opp til 70 kvinner og inviterer
til 3 retters festmåltid à la Dag Tormod,
400 kroner per kuvert.

Årets tema -prosjekt: Å leve som kvinne under jihad
Ragnhild Mestad, spesialrådgiver for Vest-Afrika
og Gro Smørdal, seksjonsleder Wamena,
formidler frå prosjektarbeid i Mali & Kamerun.

Åresal-utlodning, sang og underholdning!

For meir info eller bindande påmelding innan 30.okt
Elisabet Sande 95206119 eller Jorunn Sande Baustad 91538395

NMS*= Det Norske Misjonsselskap

Hvordan har du det...
*EGENTLIG?*

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

**Kirkens SOS**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

**Stell av gravplasser i Tysvær**

**AOI avdeling Vepro**
**Tlf: 932 16 679**

**Neste nummer kjem i postkassen ca. 4. desember**

**Frist for stoff til nr 4/2026: 13. november 2026**

*Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. hustoft@hustoft.net / 900 26 142*



# Gjennom livet

## Døypte

**Aksdal kyrkje**
24.05 Josefine Fjellet
31.05 Ludvig Nordahl Helgesen
14.06 Alba Elise Husvik
21.06 Tilian Rosland Madsøy
21.06 Synne Lund Bakka
05.07 Birk Emil Henningsen
05.07 Emil Nodland Jørgensen
19.07 Marie Myklebust-Ingvaldsen
02.08 Åsmund Fjellet Haakull
23.08 Maja Solvang Flakk
23.08 Amund Nyvoll
23.08 Andrea Moraru Trovåg
23.08 Herman Haavelmoen Ulriksen
23.08 Sonja Elvemo

**Førre Kyrkje**
07.06 Veslemøy Eilertsen
07.06 Filip Hansen Bringedal
16.08 Brage Nes Jansen
16.08 Harald Grindheim
16.08 Ludvig Skarsfjord Tveit

**Skjoldastraumen Kyrkje**
24.05 Julian Johannes Naustvik
28.06 Othelia Yrke Kristoffersen
28.06 Helene Kvia
28.06 Ida Kringeland
28.06 Leah Stangeland Søvik

**Tysvær Kyrkje**
14.06 Theo Sørenes
21.07 Aksel Stray
21.07 Olene Aune Skogland
21.07 Viljar Eide Paulsen
26.07 Emrys Haughom Bakken

**Bokn Kyrkje**
07.06 Jesper Nilssen
19.07 Nils Bokneberg Ricke
23.08 Jeppe Øvrebø

## Vigde

**Førre Kirke**
23.05 Hilde Karin Tindeland og Jens Sverre Tveit
30.05 Amalie Knoff og Bredo Haraldseid
13.06 Anne-Marthe Vihovde Hovland og Håkon Knutsen
20.06 Unni Merete Frøystad og Eivind Skorpe
26.06 Jenny Marie Haraldseid Larsen og Espen Rønningen
11.07 Elin Bjørkelund og Chris Iversen
25.07 Julie Stakland Wee og Andreas Brandli

**Aksdal Kyrkje**
13.06 Ida Nilsen Kirketeig og Tommy Utbjoa
20.06 Celine Skorpen og Kai Espen Østhus
18.07 Kristina Nordbø Kristiansen og Petter Haraldseid

**Tysvær Kyrkje**
20.06 Olianna Hustveit Hauge og Runar Nordtveit
27.06 Grace Julia Hubbel og Kristian Lindanger
25.07 Solveig Egge og Øystein Nesse
08.08 Maria Vågen og Christoffer Maurangsnes Kallevik
08.08 Kathryn Adele Alexander og Leif Klingsheim (forbønnshandling)
29.08 Ragnhild Taranger og Vidar Viland

**Nedstrand Kyrkje**
27.06 Ingrid Marie Knutsen og Martin Dale
04.07 Magna Henriksen og Daniel Hvidberg Thomsen
08.08 Guro Aksland og Olav Friis Hausken

**Skjoldastraumen Kyrkje**
01.08 Silje Hikkelsen og Morten Reiersen Ullensvang
08.08 Annelin Dagsland Jøsang og Olav Eikje

## Jordfesta

**Tysvær Kyrkje**
22.05 Oddny Marit Jøsang
07.07 Sigbjørn Emil Risanger
16.07 Børge Løype
16.07 Berit Rovik Skogøy
06.08 Marie Våge
14.08 Herdis Storhaug

**Urnenedsettelse:**
22.06 Ellinor Johanne Hetland

**Førre Kirke**
03.06 Anne Bjørg Helle
03.07 Gunnar Førre
21.07 Else Karin Gjerde
20.08 Ståle Eilerås
21.08 Gerd Nanny Skogland

***Bisettelse:***
30.06 Arne Lie
28.07 Rajan Kristoffer Kolnes
13.08 Alfhild Hjelmervik

**Nedstrand Kyrkje**
02.07 Solveig Nordbø
11.08 Nikoline Agnete Rødne

**Skjoldastraumen Kyrkje**
17.07 Arne Willy Stølsvik

**Bisettelse:**
21.05 Karsten Johan Henden Langøy

**Skjoldastraumen Gravplass**
22.06 Synnøve Bredal Bjelland

**Urnenedsettelse:**
05.08 Astrid Fjeldheim

**Bokn kyrkje**
22.05 Oddveig Margot Vågshaug
02.06 Inge Birkeland
12.06 Magnhild Are
28.08 Anne Marie Are

# Velkommen til kyrkje

## Aksdal kyrkje

**6. september kl.11.00**
Gudstjeneste

**13. september kl.18.00**
Kveldsgudstjeneste
med konfirmantprestentasjon

**20. september kl.11.00**
Gudstjeneste

**27. september kl.11.00**
i Beredskapshagen, Førre

**27. september kl.12.00**
Dåpsgudstjeneste

**4. oktober kl.11.00**
Gudstjeneste

**18. oktober kl.11.00**
Gudstjeneste

**25. oktober kl.18.00**
Ungmesse m/Misjon

**8. november kl.17.00**
Gudstjeneste med utdeling av
4-årsbok

**15. november kl.11.00**
Gudstjeneste

**22. november kl. 11.00**
Speidergudstjeneste

**29. november kl.18.00**
Lysmesse

## Nedstrand kyrkje

**13. september kl.11.00**
Gudsteneste

**27. september kl.11.00**
Hausttakkefest og
konfirmantpresentasjon

**18. oktober kl.13.00**
Gudsteneste

**1. november kl.11.00**
Helgemesse

**8. november kl.13.00**
Gudsteneste med utdeling av
barnebibel

**29. november kl.17.00**
Lysmesse

## Tysvær kyrkje

**13. september kl.11.00**
Hausttakkefest

**20. september kl.13.00**
Gudsteneste

**4. oktober kl.11.00**
Gudsteneste

**18. oktober kl.11.00**
Gudsteneste

**1. november kl.19.00**
Helgemesse

**15. november kl.11.00**
Gudsteneste

**29. november kl.16.00**
Lysmesse

## Førre kirke

**1. november kl.11.00**
Allehelgensdag

## Vår Frelsers Kirke

**27.september kl 18.00.**

**Fellesgudsteneste** for hele prostiet i Vår Frelser kirke med vår nye biskop Tor Magne Nesvik. Kyrkjekaffi etter gudstenesten.

## Skjoldastraumen kyrkje

**27. september kl.13.00**
Hausttakkefest og
konfirmantpresentasjon

**4.oktober kl.13.00**
Gudsteneste

**25.oktober kl.11.00**
Gudsteneste

**1. november kl.13.00**
Helgemesse

**8. november kl.11.00**
Gudsteneste med utdeling av
barnebibel.

**29. november kl.15.00**
Lysmesse

## Bokn kyrkje

**13. september kl.13.00**
Hausttakkefest

**27.september kl.18.00**
Fiske- og sjøfartsgudsteneste

**1. november kl.17.00**
Helgemesse

**15. november kl.13.00**
Gudsteneste

**29. november kl.18.00**
Lysmesse

*Endringer kan forekomme. Se nettside www.tysvaerkirken.no og facebook-sidene for evt. oppdateringer.*